

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 07.06.2006
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 18.04.06 – 02.06.06**

Styresak 051/06 O

Styremøte 20.06. 2006

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

Bakgrunn

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 18.04.06 – 02.06.06
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	17.01.06	I føretaksmøtet 17.01.05 stilte HOD krav om ei tydelegare organisatorisk og systemmessig markering mellom dei to rollene som ivaretar av "sørgje for"-ansvaret og som eigar av underliggjande helseføretak. Riksrevisjonen følgjer i kontrollen for 2005 opp forholdet og ber om ei utgreiing om kva som er gjort.	Svar på førespurnad sendt 27.04.06. I brevet er det mellom anna gjort greie for Helse Vest sin forståing av "sørgje for"-ansvaret, om skilje mellom "sørgje for"-rolla og eigarrolla, om representasjon i styra i helseføretaka og om bruk av eigne helseføretak samanlikna med private verksemdar.
	27.03.06	Riksrevisjonen har bedt om ei utgreiing om kva arbeid som er gjort for å følgje opp krav i bestillardokumentet for 2005 innanfor rehabilitering og habilitering.	Svar på førespurnad sendt 27.04.06. I brevet er det vist til at Helse Vest har i gang eit prosjekt med gjennomgong av rehabiliterings- og

		Svarfrist: 24. april 2006.	habiliteringstenesta i regionen og at mange av dei tema Riksrevisjonen tek opp også er tema i planarbeidet. I tillegg er det vist til årleg melding. Følgjande tema er omhandla i svarbrevet til Riksrevisjonen: tilbodet til pasientar med alvorleg hovudskade, strategiplan for habilitering av born, rehabilitering av hørselshemma, koordinerande eining, tal pasientar innan fysikalsk medisin og rehabilitering, rehabiliteringseiningar i Helseregion Vest, tal pasientar med rett til nødvendig helsehjelp, vurdering av kapasitet og ressursbehov i habiliteringstenesta til born, ambulante tenester innan habilitering for born, individuell plan innan habilitering for born.
	07.04.06	Vedlikehald av sjukehusbygningar. Riksrevisjonen ber om å få oversendt eventuelle tilstandsrapportar og liknande. som føretaksgruppa har fått utarbeidd. Svarfrist: 24. april 2006.	Svar på førespurnad sendt 27.04.06. I brevet er det gjort greie for status og lagt ved dei rapportar som helseføretaka har lagt fram.
	18.04.06	Statlege tilskott i 2005. Riksrevisjonen ber om rapportering på dei beløp føretaksgruppa har motteke i statlege tilskott i perioden 01.01.05 – 31.12.05. I tillegg er det bedt om opplysingar om bokført lånesaldo pr 31.12.05 på lån frå HOD til Helse Vest RHF. Svarfrist 8. mai 2006.	Svar på førespurnad sendt 02.05.06. Til svaret er det lagt ved ein oversikt over midlar motteke frå Helse- og omsorgsdepartementet og Rikstrygdeverket i 2005. Det er opplyst at bokført lånesaldo på lån frå Helse- og omsorgsdepartementet pr 31.12.05 var kr 1.089.784.314,90.
	21.04.06	Tilbod til rusmiddelmissbrukarar. Riksrevisjonen ber mellom anna med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2004-2005) og bestillardokumentet for 2005, om at det blir gjort greie for nærare oppgitte tema innanfor rusområdet.	Svar på førespurnad sendt 16.05.06. I svarbrevet er mellom anna følgjande tema omhandla: Tiltak for å styrke kvaliteten, utvikling i aktivitet, prosentvis vekst, forventa ventetid og tal ventande, utvikling i

			beleggsprosent, tilbod til pasientar med dobbel diagnose, auke innanfor LAR frå 2004 til 2005, og pasientrettigheitar.
	12.05.06	Søvnklinikken på Voss sjukehus. Riksrevisjonen har bedt om å få oversendt kopi av eventuell samarbeidsavtale med Eurosleep. I tillegg er det bedt om opplysningar kring avtaleinngåinga og kva omfang kjøp av tenester frå Eurosleep har hatt i 2005. Svarfrist: 29. mai 2006.	Svar på førespurnad sendt 29.05.06. Avtaleforholdet spring i utgangspunktet ut av eit samarbeid som blei etablert medan fylkeskommunen hadde ansvaret for spesialisthelsetenesta. Samarbeidet er vidareført under statleg eigarskap og då med Helse Bergen/Voss sjukehus som avtalepart. Det er ikkje nytta anbodskonkurranse. Til svarbrevet er avtalene lagt ved, og det er gitt opplysningar om det økonomiske omfanget.
Statens helsetilsyn	21.04.06	Innkalling til møte i Statens helsetilsyn – oppfølging av pålegg om å rette tilhøva ved Sandviken sjukehus.	Møtet fann stad 15. mai 2006.
	11.05.06	Helse Vest har motteke ei orientering frå Helsetilsynet kor det blir gjort greie for at det vil finne stad tilsyn med Sentrum Røntgeninstitut, Stavanger 06.06.06. Sentrum Røntgeninstitut er ei privat verksemd som Helse Vest har avtale med.	
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	02.02.06	Privatsjukehuset Haugesund deltok i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Klagen gjeld tilbodsevalueringa, brot på teieplikt og at valt leverandør skulle vore avvist.	Helse Vest har i tilsva 20.02.06 bedt om at saka blir avvist av nemnda. Det er vist til at konkurransen er avlyst og at det derfor ikkje ligg føre sakleg klageinteresse.
	27.04.06	Gynlab AS deltok i konkurranse med forhandlingar om levering av patologitenester. Klager hevder at tildelinga i saka er	Helse Vest har i tilsva 31.05.06 imøtegått klagen og vist til at den omgjeri som har funne stad, ikkje er

		ugyldig fordi den bygger på ein endra skjønnsutøving samanlikna med tidlegare avgjersle og ikkje på feil ved tildelinga.	basert på ein endra utøving av skjønnet, men på bakgrunn av at Helse Vest gjennom ein ordinær klagehandsaming blei gjort merksame på feil i det faktum som tildelinga var basert på.
	12.05.06	Fana Medisinske Senter deltok i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Det er i klagen hevda at det er gjort feil ved at priser i tidlegare konkurranse er blitt gjort kjent for tilbydarane, at fleire leverandørar skulle vore avvist og at forhandlingsforbodet er brote.	Helse Vest har i tilsva 31.05.06 imøtegått klagen. I tilsvaret er det gjort greie for konkurransen og kva informasjon som tidlegare er gitt og kva tyding dette har for denne konkurransen. I tillegg er mellom anna gjort greie for korleis kvalifikasjonskriteria er nytta.
	02.06.06	Knarvik øyelegekontor. Klager har delteke i open anbodskonkurranse om levering av kirurgiske tenester. Konkurransen blei avlyst og ny konkurranse kunngjort. Det er hevda at Helse Vest har brote innkjøpsreglane ved å offentleggjere priser i den første konkurransen i forkant av den nye konkurransen.	
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		
Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Disposasjons- og klagenemnda i perioden.		

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
Statens helsetilsyn	30.05.06	Melding om tilsyn ved med Vikedal Ressurssenter 12.09.06.	
	30.05.06	Melding om tilsyn med Rogaland A-senter 13.-14-09.06.	

Arbeidstilsynet	16.03.06 (mottatt av Helse Vest 18.04.06)	Kampanjen God vakt. Arbeidstilsynet har i løpet av 2005 gjennomført tilsyn ved Helse Fonna HF. Oversending av tilsynsrapport som tar for seg dei funn som er gjort, og dei krav Arbeidstilsynet vurderer å stille for at uheldige sider ved arbeidsmiljøet skal kunne forbedrast. Rapporten inneheld fleire varsel om pålegg.
	03.04.06 (mottatt Helse Vest 10.04.06)	Kampanjen God vakt. Arbeidstilsynet har i løpet av 2005 gjennomført tilsyn ved Helse Stavanger HF. Tilsynsrapport med varsel om pålegg ble sendt 07.02.06. Arbeidstilsynet mottok tilbakemelding på tilsynsrapporten ved brev av 07.03.06. I brevet blir det gitt pålegg om forhold og manglar som Helse Stavanger HF må rette opp.
	18.04.06 (mottatt av Helse Vest 20.04.06)	Kampanjen God vakt. Arbeidstilsynet har i løpet av 2005 gjennomført tilsyn ved Helse Bergen HF. Tilsynsrapport med varsel om pålegg ble sendt 16.12.05 og 27.03.06. Arbeidstilsynet mottok tilbakemelding på tilsynsrapporten ved brev av 17.02.06 og 10.04.06. I brevet blir det gitt pålegg om forhold og manglar som Helse Bergen HF må rette opp.
	05.05.06 (mottatt av Helse Vest 09.05.06)	Kampanjen God vakt. Arbeidstilsynet har i løpet av 2005 gjennomført tilsyn ved Helse Førde HF. Tilsynsrapport med varsel om pålegg ble sendt 26.01.06. Arbeidstilsynet mottok tilbakemelding på tilsynsrapporten ved brev av 10.03.06. I brevet blir det gitt pålegg om forhold og manglar som Helse Førde HF må rette opp.
Datatilsynet	06.02.06	Helse Bergen har motteke varsel om pålegg etter tilsyn ved Helse Bergen, avd. Hagavik. På bakgrunn av foreløpig rapport er det varsla pålegg med omsyn til følgjande forhold: - autorisasjonsrutinane må endrast slik at dei er i samsvar med helseregisterlova § 13 - løysinga med felles radiologisystem for regionane må utbetrast i samsvar med helseregisterlova § 13 - kombinasjon av vid tilgong og mangelfulle logger er ikkje eigna til å avdekke tryggleiksbrot i radiologisystema - det må etablerast logging av oppslag i PIMS i samsvar med helseregisterlova § 16 - det må etablerast nettverksmessige skilje mellom dei ulike databehandlingsansvarlege Svar er sendt 22. mars 2006. I brevet er det trekt fram nokre generelle synspunkt med omsyn til det tilsynet som ble gjennomført. I tillegg er det gitt ein konkret tilbakemelding på dei fem punkta som er nemnde ovanfor. I fleire vedlegg til brevet har Helse Bergen gitt detaljerte kommentarar til utkast til kontrollrapport.

Klagenemnda for offentlige anskaffingar	01.08.05	Helse Bergen. Klager: Techno System AS. Saka gjeld konkurranse vedrørande kjøp av respiratorar. Klager hevder at ein ved evalueringa har handla i strid med kravet til forutberegnelighet.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		